



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

200703215-44

USK/HKA

312

Røldal Miljøkraft AS
v/ Lars Seim
Seimvegen 15
5760 RØLDAL

Dykkar ref

Vår ref
12/784

Dato
5 APR 2013

Søknad om bygging av Tufteelva kraftverk i Odda kommune, Hordaland fylke – klage på avslag

I brev dagsett 8. juni 2011 frå Røldal Miljøkraft SUS påklagast Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak av 13. mai 2011 om avslag på søknad om løyve til bygging av Tufteelva kraftverk i Odda kommune, Hordaland fylke.

NVE har vurdert klagen i brev dagsett 30. mars 2012 til departementet, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak. NVE legg i sitt vedtak vekt på at konsekvensane ved ei utbygging vil vere store for det rike naturmiljøet og landskapsverdiane i området, i tillegg til at verdien for reiseliv kan verte redusert.

I samband med klagehandsaminga heldt departementet ei synfaring av det planlagde prosjektområdet 18. september 2012. På synfaringa deltok også representantar frå utbyggjar, grunneigarane, kommunen, Fylkesmannen og Miljøverndepartementet.

1. Bakgrunn

I søknad dagsett 20. juli 2007 søkte Røldal Miljøkraft SUS om å utnytte vassfalla i Mjølåna og Tufteelva i Odda kommune. Mjølåna er ei sideelv til Tufteelva. Klagen omhandlar prosjektoalternativ 3 som omfattar Tufteelva kraftverk med inntak i samløpet mellom Mjølåna og Tufteelva på ca. kote 583, og kraftstasjonsplassering på kote 415. I etterkant av departementet si synfaring har tiltakshavar sendt inn tilleggsopplysningar og ytterligere dokumentasjon knytt til prosjektoalternativ 3.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

<http://www.oed.dep.no/>

Kontoradresse
Akersgata 59

postmottak@oed.dep.no

Energi- og
vannressursavdelingen

Telefon 22 24 90 90

Saksbehandler
Hilde Rønning
22246226

Org no. 977 161 630

I revidert prosjekalternativ 3 vert heile vassvegen planlagt som tunnel i fjell på vestsida av Tufteelva frå inntaksområdet og ned til kraftstasjonen. Hovudinntaket er planlagt rett ved samløpet på ca. kote 583 som ein betongdam plastra med naturstein. Dammen vil ha ein total høgde på maks 4 m og en lengde på om lag 30 m. Vatnet frå Mjølåna vil bli henta via eit tyrolerinntak. Det er ikkje planlagt dam eller magasin bak inntaket, og vantne vil bli ført over ei inntaksrist og vidare ned i eit kammer under bakken. Vatnet frå begge elvane vert samla med eit vasspegel i hovudinntaket. Sjølve tyrolerinntaket blir ca. 2 m høgt, og vil som hovudinntaket bli tildekt med naturstein. Inntaket vert planlagt bygd med helikopter, og det vert ikkje ny veg eller opprusting av eksisterande skogsbilveg opp mot inntaket. Inn til kraftstasjonsområdet må det byggast ein kort veg på ca 50 m frå E134.

Alternativ 3 er planlagt med ein installert effekt på 5,45 MW, og vil gje ein årleg produksjon på om lag 19,4 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarende 5-persentilene for sommar og vintervassføring, hhv 382 l/s og 41 l/s.

2. Klage

Røldal Miljøkraft SUS har klaga på NVE sitt vedtak. Argumenta i klaga kan summerast slik:

- Det er ikkje gjort funn av raudlista arter eller vurderingar som tilseier at bekkekløfta som blir påverka av alternativ 3 er spesielt viktig.
- Naturtypen skogsbekkekløft er teke ut av Norsk Rødliste 2011, noko som tilseier at naturtypen bekkekløft ikkje kan nyttast som hovudargument for å avslå prosjektet. Dessutan er det planlagt slepp av minstevassføring for å bøte på dei naturverdiane som eksisterer i vassdraget.
- Prosjektområdet framstår ikkje som urørt da området innehar både bygningar og kultivert mark.
- Vegen på austsida av Tufteelva er viktig for friluftsmål i området, men ein vil verken kunne sjå eller høyre elvestrekninga frå denne vegen. Utbygging etter alternativ 3 vil difor ikkje redusere opplevingsverdien for turgåare i området i høve til dette.
- Tufteelva blei i "Kommunedelplan for energi og vassdrag" plassert i gul sone, dvs. vassdrag med middels konfliktnivå. Prosjekt i gul sone kan tilrådest dersom ein tek omsyn til dei viktigaste verdiane i vassdraget. Odda kommune støtta utbyggingsalternativ 3, og det er skuffande at NVE kjem til ein annan konklusjon som ikkje samsvarar med den lokale tilrådinga.

3. Departementet sine vurderingar

Ei utbygging kan berre få løyve dersom *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagaren som er naudsynnte for å grunngje

avgjerda. Departementet kan og ta omsyn til andre høve som ikkje er teke opp av klagaren.

Departementet har hatt det reviderte utbyggingsalternativet ute på høyring, og har fått innspel frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Naturvernforbundet i Hordaland, Nils Åge Sandal, Oddbjørn Lynghammar og Arve Lynghammar.

Dei innkomne høringsfråsegnene for revidert utbyggingsalternativ 3 er delt mellom dei som kan akseptere ei utbygging og dei som er i mot.

Fylkesmannen var opphavleg i mot prosjektet grunna friluftsiinteressene, mulige førekomstar av raudlista artar i Tufteelva og reduksjon av inngrepsfri natur (INON). Det reviderte utbyggingsalternativet er endra på ein slik måte at Fylkesmannen ikkje lenger ser noko stor konflikt med friluftsiinteressene. Det har kome utfyllande informasjon om biologisk mangfald som gjer at fylkesmannen no meiner at det vil verte relativt små konflikstar med natur- og miljøinteresser ved bygginga og drifta av kraftverket. Spørsmålet om løyve bør etter Fylkesmannen sitt syn vurderast ut frå samla belastning på inngrepsfri natur i området.

INON-området som vil verte redusert ved ei utbygging er i kategori villmark, og er i tillegg vurdert som sårbart høgfjellsområde av stor verdi i *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021*. Fylkesmannen held fram at dersom Einungstølsåna kraftverk byggast, vil INON statusen i området verte endra, og bygginga av Tufteelva kraftverk vil då ikkje redusere INON-areal av kategorien villmark. Einungstølsåna kraftverk ligg like nordøst for Tufteelva, og fekk løyve av NVE i 2010.

Odda kommune er positive til ei utbygging, men påpeikar at utfrakting av tunnelmassar ikkje må førekomme i perioden juni-august. Hordaland fylkeskommune meiner prosjekalternativ 3 ikkje er i konflikt med dei fylkespolitiske retningslinene for små vasskraftverk i Hordaland i forhold til "sårbart høgfjell", "biologisk mangfald", og "friluftsliv/reiseliv". Fylkeskommunen viser likevel til at det manglar kulturhistoriske registreringar, og at det i vilkår til ein eventuell konsesjon må setjast krav om at undersøkingsplikta etter kulturminneloven vert oppfylt.

Naturvernforbundet, Nils Åge Sandal, Oddbjørn Lynghammar og Arve Lynghammar er i mot ei utbygging i Tufteelva, og vektlegg omsyn som bl.a. biologisk mangfald, sumverknadar, inngrepsfri natur, og friluftsi- og landskapsverdiar i eit område som ligg nær Hardangervidda nasjonalpark.

Naturmangfald

Skjønnsutøvinga ved sakshandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Det inneber at ei utbygging av Tufteelva kraftverk og miljøkonsekvensane av tiltaket skal vurderast i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, der bidraget til den nasjonale satsinga på fornybar energi, omsynet til kraftforsyningsstryggleik og tapet eller øydelegging av naturmangfaldet på sikt vurderast. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved departementet si handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7.

Forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer § 4

Jf. naturmangfaldlova § 4 er målet for naturtypar at mangfaldet av naturtypar vert teke vare på innanfor dei naturlege utbreiingsområda deira og med det mangfaldet av artar og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

I etterkant av departementet si synfaring gjennomførte tiltakshavar ein supplerande kartlegging av biologisk mangfald i regi av Økosøk AS v/Karl Johan Grimstad. I rapporten vart det slått fast at det ikkje er noko utprega fossesprøytsonar i bekkekløfta i Tufteelva, og at det med bakgrunn i dette ikkje er grunnlag for å avgrense lokalitetar av typen fossesprøytsone mellom planlagt inntak og kraftstasjon i Tufteelva, jf. DN Håndbok 13. Bekkekløfta kvalifiserar i følgje rapporten til avgrensing som bekkekløft og bergvegg (F09), men verdien vert nedjustert frå regional (B) til lokal verdi (C). Bakgrunnen for dette er at vegetasjonen er dominert av vanleg førekomande artar, og at det ikkje vart påvist raudlista artar utanom alm (NT). Almen blei påvist nedanfor inntaket, og vil ikkje bli råka av utbygginga. Vassvegen vert planlagt i tunnel og naturmiljøet i området vil ikkje verte påverka. Den største negative konsekvensen for bekkekløfta vil vere redusert vassføring. I følgje rapporten er det mykje som tydar på at vassføringa i elva i periodar er låg, og det er grunn til å tru at den spelar ei mindre viktig rolle for dei registrerte artane. Departementet meiner med bakgrunn i den supplerande kartlegginga og Fylkesmannen si vurdering at konsekvensane av ei utbygging for biologisk mangfald ikkje er av ein slik karakter at det bør tillegkast avgjerande vekt i den samla vurderinga av prosjektet. Krav om slepp av minstevassføring vil bidra til å oppretthalde ei viss vassføring i elva, og verknadane av prosjektet med avbøtande tiltak vurderast å vere akseptable for naturmiljøet.

Forvaltningsmål for artar § 5

Jf. naturmangfaldlova § 5 er målet at artar og det genetiske mangfaldet vert ivareteke på lang sikt, og slik at artane eksisterer i levedyktige bestandar i dei naturlege utbreiingsområda. Så langt det er naudsynt skal òg dei økologiske funksjonsområda og andre økologiske krav for artane ivaretakast.

Ein røddlista art vart funne nedanfor inntaket. Dette var ei einslig alm, som ikkje vil bli påverka av tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget § 8

Det følger av naturmangfaldlova § 8 fyrste ledd at avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, naturtypane si utbreiing og økologiske tilstand og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. I kunnskapsgrunnlaget for søknaden om Tufteelva kraftverk inngår følgjande:

- Søknad om konsesjon for bygging av Tufteelva kraftverk og Mjølåna kraftverk (Røldal Miljøkraft AS juli 2007)
- Tufteelva og Mjølåna kraftverk. Virkninger på biologisk mangfold (Naturforvalteren Rapport Nr. 2006-7)
- Tufteelva og Mjølåna kraftverk, beskrivelse av Alternativ 3 (Norsk Kraft AS, mars 2009)
- Tufteelva og Mjølåna kraftverk – kommentar til justert prosjekt (Naturforvalteren februar 2009)
- NVE sitt bakgrunn for vedtak (KI-notat nr.: 26/2011)
- Teknisk beskriving av revidert utbyggingsalternativ 3 med vedlegg (Sofienlund, november 2012)
- Supplerende kartlegging av biologisk mangfold (Økosøk AS v/Karl Johan Grimstad oktober 2012)

Departementet vurderar kunnskapsgrunnlaget for å vere tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka.

Føre-var-prinsippet § 9

Føreseгна skal sjåast i samanheng med vurderinga av kunnskapsgrunnlaget, som er omtalt ovanfor. For at føreseгна skal nyttast må det vere ein reell risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

Etter departementet si vurdering ligg det ikkje føre fare for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfald som tilseier at føre-var-prinsippet må leggjast til grunn.

Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneber at ein må ha kunnskap om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga, jf. også formuleringa i same lov § 8 om "effekten av påverknader". I vurderinga av samla belastning skal det både takast omsyn til noverande inngrep og forventa framtidige inngrep. Det framgår også av forarbeida til vassressurslova i Ot.Prp. nr. 39 (1998-1999), side 105 og Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vasskraftverk (juni 2007) at den samla belastninga skal vere ein del av konsesjonsvurderinga.

Det er fleire eksisterande og planlagde kraftverk i nærliggande vassdrag.

Departementet har småkraftverkene Grøndalselva kraftverk og Botnen kraftverk under klagehandsaming samtidig med Tufteelva kraftverk. Det er også fleire søknadar om vasskraftverk i Røldalsområdet til handsaming i NVE. I Valldalen er det søkt om i alt fem prosjekter. I nærleiken av Skare og Seljestad nordvest for Røldalsvatnet er det søkt om tre prosjekter, og sørvest for Lonavatnet er det søkt om løyve til bygging av Kolåsåna kraftverk.

Summen av alle prosjekta som ligg i Røldal og nærliggjande områder gjer at deler av området kan seiast å bli sterkt påverka av utbyggingar dersom alle blir realisert som omsøkt. Etter departementet sitt syn har NVE gjort ei grundig vurdering og omtale av den samla belastninga av vasskraftutbygging i regionen for landskap, biologisk mangfald m.m. i bakgrunn for vedtak for Tufteelva-, Botnen-, og Grøndalselva kraftverk. Departementet er einig i NVE si vurdering om at ei utbygging av Botnen kraftverk og Grøndalselva kraftverk ikkje vil gje uakseptable samla belastningar for landskap, friluftsliv, biologisk mangfald eller andre interesser som kan verte påverka.

Fylkeskommunen viser i høringsfråsega til Fylkesdelplan for små vasskraftverk, kor det bl.a. konkluderast med at vassdragsnaturen i Røldal som delområde er sterkt påverka av store vasskraftutbyggingar og at det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt. Fylkeskommunen si gjennomgang i høve til dei fylkespolitiske retningslinene for små vasskraftverk indikerer ikkje konfliktgrad av eit slikt omfang at ein ikkje bør gje løyve til tiltaket. I kommunedelplan for energi og vassdrag er Tufteelva klassifisert som gul sone, som inneber at prosjektet kan tilrådest dersom ein tek omsyn til dei viktigaste verdiane i vassdraget. Ved ei redusert utbygging med vassveg i tunnel, vilkår om utforming av inntak og pålegg om tilstrekkeleg minstevassføring, meiner departementet at Tufteelva kraftverk ikkje vil medføre uakseptable samla belastningar for naturmangfald, friluftsliv, inngrepsfrie områder eller andre interesser.

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder § 12

Føresega gjeld val av driftsmetodar, teknikk eller lokalisering "for å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet". I konsesjons- og klagehandsaming er ulike løysingar til utbygging vurdert. Avbøtande tiltak som vassveg i tunnel, og minstevassføring både sommar og vinter vil redusere dei negative verknadane av prosjektet. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar tilstrekkeleg vurdert.

Andre forhold

Inngrepsfri natur

Fylkesmannen opplyser i si høringsfråsegn datert 7.12.12 at dei har fått utført ei ny vurdering av INON-tapet basert på plasseringa av inntaket og redusert vassføring i Tufteelva. Vurderinga viser at det reviderte utbyggingsalternativet vil føre til ein

reduksjon av villmarksprega areal på 0,2 km². I retningslinjer for bygging av små vasskraftverk er villmarksprega områder gjeve stor verdi. Tap av INON er ein indikasjon på konflikt, men graden av konflikt må vurderast i kvar enkelt sak. Planlagt inntaksområde er lite synleg frå traktorveg. Fossen i Mjølåna utgjer eit synleg landskapselement, men inntaket kjem eit godt stykke ned i dalsida kor fossen renn. Inntaket kjem i eit opent skogfritt område, men er planlagt plastra med naturstein. Inntaket er planlagt veglaust, og vassvegen vil gå i tunnel. Under synfaringa vart det framhaldd at inntaket ikkje vil bli synleg frå setervegen. Eit avgrensa tap av villmarksprega areal på 0,2 km² meiner departementet etter ei konkret vurdering er akseptabelt i denne saka.

Friluftsliv og landskapsverdiar

Naturvernforbundet har blant anna påpeika at tiltaksområdet er lett tilgjengeleg og med stor verdi for friluftsliv og landskap. OED er einig i at området er lett tilgjengelig, har preg av urøyrd natur og utgjer eit flott friluftsområde. Elva slynger seg gjennom trange juv, noko som hindrar innsyn til elva. Elva utgjer difor etter departementet si oppfatning ikkje eit sentralt landskapselement langs traktorvegen opp til inntaket. Etter vår vurdering vil redusert vassføring vere akseptabelt med tanke på landskapsopplevinga. Ei utbygging vil ikkje medføre bortfall av fossen i Mjølåna som framleis vil vere eit tydeleg landskapselement. I tillegg er heile vassvegen planlagt i tunnel, og inntaket er planlagt veglaust. Dette bidreg i betydeleg grad til å minimere dei landskapsmessige inngrepa. Dette vert støtta også av Fylkesmannen, som uttalar i si vurdering at endringane av prosjektet som har framkome gjennom klagehandsaminga gjer at dei ikkje lenger ser noko stor konflikt med friluftsinteressa. Med vilkår om utforming av planlagt inntak og vassveg i tunnel meiner departementet det er tale om eit avgrensa inngrep som kan aksepterast med tanke på landskap og friluftsverdiar i området.

Oppsummering

Tufteelva kraftverk vil bidra med ein årleg kraftproduksjon på om lag 19 GWh fornybar energi. Departementet har vektlagt at verdien for den påviste bekkekløfta er nedjustert frå regional (B) til lokal (C) verdi. Med vilkår om vassveg i fjell og slepp av minstevassføring vil ikkje tiltaket etter departementet si vurdering gje uakseptable konsekvensar for landskapsopplevinga, friluftsliv, INON-areal eller andre interesser.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytten ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet si vedtak i klagesaka

Klaga frå Røldal Miljøkraft SUS vert teken til følgje.

Departementet gjev i medhald av vassressurslova § 8 Røldal Miljøkraft SUS løyve til å bygge Tufteelva kraftverk.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Departementet sine kommentarar til vilkår og øvrige forhold

Konsesjonæren må iaktta følgjande:

Post 1: Vasslepp:

Departementet fastsett at det skal sleppast minstevassføring på 380 l/s i perioden 1. mai til og med 30. september og 50 l/s resten av året. Årleg produksjon vil med dette bli på rundt 19 GWh.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysninga for dokumentasjon av slipp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det settast opp skilt med opplysningar om reglar for vasslepp som er lett synlig for allmennheta. NVE skal godkjenne merking og skilta si utforming og plassering.

Departementet presiserar at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jevnt og i takt med tilsiget. Inntaksbassenget skal ikkje brukast til å oppnå auka driftstid, og det skal kun vere små vasstandsvariasjoner knytt til opp- og nedkjøring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mulig erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Forholdet til energiloven:

Odda Energi har i høringsfråsegn datert 30.10.07 opplyst at det ikkje er ledig trafokapasitet i området, og at dei ikkje kan tillate innmating på 22 kV nettet i Røldal før nødvendig transformator kapasitet og nettførsterkningar er etablert. Tiltakshavar har ikkje søkt om løyve etter energiloven. Nødvendig høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Røldal Miljøkraft ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klart. NVE kan da gje eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må liggje føre samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning.

Konsesjon vert gjeve på følgjande føresetningar:

Inntak (kote)	583
Kraftstasjon (kote)	415
Største slukeevne	3,922 m ³ /s
Minste slukeevne	0,039 m ³ /s
Vassveg	Vassveg anlagt i fjell
Veg	Veg på ca. 50 m frå E 134 til kraftstasjonen. Ingen ny veg eller oppgradering av eksisterande veg opp til inntaket.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast av NVE før arbeidet tar til.

Inntaket skal oppførast veglaust og utan oppgradering av eksisterande skogsbilveg. Dette for å minimere inngrepet i planområdet. Området er mykje brukt i friluftssamanheng, og det må difor leggjast stor vekt på å få ei god landskapsmessig tilpassing av inntaket og at det blir så lite synleg som mogleg.

Hele vassvegen skal liggje i fjell. Dette inneber ei betydeleg mengde steinmasse. Departementet føreset at det utarbeidast ein plan for bruk og/eller deponering av tunnelmassar i detaljplanen. Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om dette.

Departementet føresett også god planlegging og gjennomføring av anleggsarbeidet for å avgrense dei landskapsmessige inngrepa og andre ulemper ved bygging av veg inn til kraftstasjonsområdet. Kraftstasjonsområdet må utformast minst muleg skjemma.

Departementet viser også til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen sjølv om det i dag blir vurdert som lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg høve til tiltaket sin storleik og verknadar.

Post 6: Automatisk freda kulturminner

Hordaland fylkeskommune viser til at det ikkje ligg føre arkivopplysningar om automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i tiltaksområdet. Samstundes påpeikar fylkeskommunen at det ikkje er gjort kulturhistoriske registreringar i denne saka. Undersøkingssplikta må også gjelde området for tippmassar.

Det blir føresett at tiltakshavar tek den naudsynte kontakt med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminneloven § 9 før innsending av detaljplan. Vidare vises det til den generelle aktsomhetsplikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. vilkårenes pkt. 3).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gir hjemmel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterende tiltak dersom dette skulle vise seg å vere naudsynt.

ANDRE MERKNADER


Forholdet til plan- og bygningsloven


"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningsloven. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningsloven må avklarast med kommunen før tiltaket kan påbegynnast.

Forholdet til forurensningsloven

Konsesjonæren må avklare direkte med Fylkesmannen om det er behov for eiga løyve etter forurensningsloven for anleggsdrifta.

Med helsing


Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør


Hilde Rønning
rådgjevar

Vedlegg: Vilkårssett

Kopi til:

Arve Lynghammar	Planetvegen 12	9024	TOMASJORD
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Naturvernforbundet	Postboks 1201 Sentrum	5811	BERGEN
Hordaland			
Nils Åge Sandal	Bygdavn. 85	5760	RØLDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	OSLO
Norsk Kraft AS v/Bård Moberg	Statsminister Michelsensvei 38	5231	PARADIS
Odda kommune		5750	ODDA
Oddbjørn Lynghammar	Skysstasjonen Kro & Hytter	5760	RØLDAL
Røldal Grunneigarlag			

Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til bygging av Tufteelva kraftverk i Odda kommune gitt av Olje- energidepartementet 5.4.2013.

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 380 l/s i sommersesongen (1/5-30/9) og 50 l/s for resten av året (1/10-30/4). Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Kraftverket skal til enhver tid kjøres etter tilsiget, alle endringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

Det skal etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trengs for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. *Naturforvaltning*

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Fylkesmannen

- a. å sørge for at forholdene i Tufteelva er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Fylkesmannen å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Fylkesmannen å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og evt. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Fylkesmannen å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredete kulturminner etter kulturminneloven § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Ferdsel m.v.

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlignende.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle kart som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltakets virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

11. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning

forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

12. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

13. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.